

Tronds Marine Service AS sine varsemdivurderingar for 2024

Bakgrunn

Tronds Marine Service AS følgjer lov om openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold (openheitslova), som pålegg større verksemder å gjennomføra varsemdivurderingar for å unngå negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i leverandørkjeda for verksemda.

Varsemdstandarden i openheitslova byggjer på FNs retningsgivande prinsipp for ansvarleg næringsliv og menneskerettar (UN Guiding Principles – UNGP) og Organisation for Economic Co-operation and Development (OECD) sin rettleiar for varsemdivurderingar for ansvarleg næringsliv. For å oppfyllova og desse internasjonale standardane, må verksemdene gjennomføra ein prosess for varsemdivurderingane som inneber å:

- a. forankra ansvarskjensle i retningslinjene for verksemda.
- b. kartleggja og vurderer faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som verksemda anten har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt til forretningsverksemda for verksemda, produkt eller tenester gjennom leverandørkjeder eller forretningspartnarar.
- c. setja i verk eigna tiltak for å stansa, førebyggja eller avgrensa negative konsekvensar basert på prioriteringane og vurderingane for verksemda.
- d. følgja med på gjennomføring og resultat av tiltak.
- e. kommunisera med ramma interessentar og rettshavarar om korleis negative konsekvensar er handtert.
- f. sørgja for eller samarbeida om oppretting og erstatning der dette er påkravd.

Openheitslova spesifiserer at varsemdivurderingane skal utførast regelmessig og stå i forhold til storleiken på verksemda, arten for verksemda, konteksten verksemda finn stad innanfor, og alvorsgrada av og sannsynet for negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. ([Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold \(Åpenhetsloven\) - Lovdata](#)).

I tråd med formålet om å fremja større openheit om risiko for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, påleggjast omfatta verksemder å offentleggjera ei orientering om varsemdivurderingane. Denne skal minst innehalda:

- a. ei generell skildring av organiseringa av verksemda, driftsområde, retningslinjer og rutinar for å handtera faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.
- b. opplysningar om faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar som verksemda har avdekt gjennom varsemdivurderingane sine.
- c. opplysningar om tiltak som verksemda har sett i verk eller planlegg å setja i verk for å stansa faktiske negative konsekvensar eller avgrensa vesentleg risiko for negative konsekvensar, og resultatet eller forventa resultat av desse tiltaka.

Dette dokumentet er utarbeidd for å oppfyllova konsernet sine plikter til å gjera greie for varsemdivurderingane. Dokumentet vil oppdaterast og offentleggjerast årleg innan 30. juni. Det vil òg oppdaterast ved vesentlege

Dette dokumentet er utarbeidd for å oppfylle konsernet sine plikter til å gjera greie for varsemndvurderingane. Dokumentet vil oppdaterast og offentliggjerdast årleg innan 30. juni. Det vil òg oppdaterast ved vesentlege endringar i risikovurderingane for verksemda. Dette dokumentet dekker perioden frå 1. januar til 31. desember 2023.


Vår tilnærming til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

Generelt om verksemda:

Tronds Marine Service har sitt hovudkontor i Høylandsbygd i Kvinnherad Kommune. Selskapet vart stifta 05.09.2016, er 100 % eigd av Meidell AS og driv med maritim entreprenørverksemd, utleige og drift av flytekrantar, lekterar, taubåtar og andre relevante fartøy og utstyr.

Organiseringa av konsernet og verksemda:

Tronds Marine Service AS er 100 % eigd av Meidell AS og er ein del av konsernet Meidell AS, som i tillegg mellom anna driv med eigedom, finans, landhandel og ikkje minst den heilintegrdte oppdrettsverksemda i Alsaker Fjordbruk-konsernet. Fartøy vert leigd inn frå Meidell Ship Holding AS.



Driftsområde:

Tronds Marine Service er eit reiarlag som tilbyr maritime tenester, slik som slep, transport, tungløft og lekerutleige. Administrasjonen i Tronds Marine Service ligg i Høylandsbygd på Halsnøy i Kvinnherad kommune. Den operasjonelle aktiviteten har i all hovudsak føregått på norskekysten, men også enkelte prosjekt på kontinentet.

Likestilling:

Selskapet har ved årets slutt 47 faste tilsette, av desse er 35 tilsett på sjø og 12 tilsett på land. To av de faste tilsette på land er kvinner. Tronds Marine Service si leiargruppe er sett saman av tre menn. Styret har i 2023 vore sett saman av tre medlemmer (menn).

Sjømannsyrket er tradisjonelt mannsdominert, men me er glad for å ha tilsett kvinneleg maskinsjef på taubåt. Me jobbar med å auke kvinnedelen både på sjø og land. For dei sjøtilsette i Tronds Marine Service, har me tariffavtale mellom NHO/Sjøfart og dei ulike sjømannsorganisasjonane. Løn her vert fastsett ved sentrale og lokale forhandlingar, og hyreskala er open tilgjengeleg for dei tillitsvalde og den enkelte.

Løna til kvar enkelt tilsett på land blir fastsett etter ei vurdering av kompetanse, dugleik, arbeidsinnsats og stillinga sitt ansvars- og arbeidsområde, både for kvinner og menn.

Begge kjønn stiller likt ved tilsetjing og når det gjeld høve til vidareutdanning og avansement. Me har som mål at diskriminering ikkje skal finna stad. Arbeidsmiljøet i selskapet blir vurdert som godt, og det er ikkje motteke tilbakemeldingar om at nokon opplever personalpolitikken til selskapet som kjønnsdiskriminerande.

Tronds Marine Service har implementert Varslingsprosedyre som er kjend for alle tilsette.

Retningslinene og rutinane våre for å handtera risiko knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

Ansvarleg drift og det å bidra positivt til samfunnet me er ein del av, er kjerneverdier for oss. Verksemda vår skal vera i tråd med internasjonale menneskerettsstandardar og standardar for anstendige arbeidsforhold. Verksemda vår følgjer FNs retningsgivande prinsipp for ansvarleg næringsliv og menneskerettar og OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv.

Vår overordna tilnærming for å oppfylle forpliktinga vår til å respektera grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold blir styrt gjennom våre etiske retningslinjer som omfattar menneskerettar og anstendige arbeidsforhold både i vår eiga verksemd og i leverandørkjeda vår.

Me følgjer norsk lovverk for helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen og for likestilling og fråvær av diskriminering.

Me forventar det same av leverandørane og forretningspartnarane våre som me krev av oss sjølv – at alle tilsette og andre som blir ramma av verksemda blir behandla med respekt og verdigheit.

Me forventar at leverandørane og forretningspartnarane våre sjølv opptre med seriøsitet og varsemd for å unngå skadar og negative konsekvensar for menneske.

Alle leverandørane våre skal leva opp til internasjonale menneskerettsstandardar og ILO sine kjernekonvensjonar for anstendige arbeidsforhold. Denne forventninga kommuniserer me gjennom vår leverandørreklæring.

I tråd med openheitslova, gjennomfører me varsemdvurderingar for eiga verksemd og leverandørkjede, gjer greie for varsemdvurderingane årleg offentleg og svarer på informasjonsførespurnader om korleis me jobbar for å sikra respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med tenestene våre.

Negative konsekvensar og vesentleg risiko avdekte gjennom varsemdvurderingane våre – og tiltaka våre for å avgrensa risiko

Tronds Marine Service gjennomfører jamlege risikovurderingar knytt til negative konsekvensar og risiko for menneske knytt til verksemda vår. I 2023 har me ikkje avdekt faktiske negative konsekvensar. I samband med varsemdprosessen vår har me vurdert risiko for både eiga verksemd og leverandørkjeda vår:

Vesentlege risikoområde i vår eiga verksemd og tiltak for å avgrensa risiko

Den mest framståande risikoen for negative påverknader på livet til individ, tryggleik, helse, trivsel og verdigheit i verksemda vår er potensielle skadar som kan ramma tilsette i samband med arbeid.

Risikovurderinga vår knytt til HMS har avdekt at dei mest kritiske potensielle konsekvensar er fall- og klemskadar, samt eksponering for kjemikalie/gass. Me jobbar systematisk i samarbeid med tilsette, verneombod og ekstern ekspertise for å hindra at slike skadar skal oppstå, gjennom rutinane våre for HMS. Desse er nærare beskrevet i internkontrollsystemet vårt. Alle avvik blir følgt opp. Me har årleg revisjon av at internkontrollsystemet følgjer krava til styresmaktene, og me rapporterer årleg om HMS-status.

Tronds Marine Service er ISO 9001/2015 sertifisert, og gjennomfører årleg ekstern revisjon.

Vesentlege risikoområde i leverandørkjeda

Tronds Marine Service har ca. 50 leverandørar med smått og stort, der hovudtyngda ligg i Noreg.

Me har gjennomgått alle leverandørane våre av ein storleik og / eller som er kritiske inn mot teneste ytinga vår, og vurdert risikoen for brot i leverandørkjeda vår. Generelt vurderer me risikoen for brot til å vera låg. Me kjenner leverandørane våre godt gjennom etablerte partnerskap over ein lang periode.

Risikokartlegginga har utløyst nokon behov for å innhenta ytterlegare dokumentasjon frå enkeltleverandørar. Me har regelmessig dialog med leverandørane våre og kommuniserer tydeleg forventningane våre knytt til HMS, anstendige lønnsforhold, fagforeiningsfridom og arbeid mot alle former for diskriminering, også med omsyn til likestilling mellom kjønna. Me vurderer risikoen for moderne slaveri i leverandørkjeda vår som låg, men har fokus på problemstillinga og vil setja inn tiltak dersom situasjonen endrar seg.

Risikoen for brot knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda for produkta våre per i dag vurdert til å vera låg.

Kvartalsvis gjennomfører me egne prestasjonsevalueringar av våre leverandørar for å avdekke evt. avvik og for å igangsette tiltak. Evalueringa blir gjort opp mot fastlagde kriterier.

Tiltak for å avgrensa risiko i leverandørkjeda

Gjennom dei etiske retningslinjene våre for leverandørar kommuniserer me tydeleg forventninga om at leverandørane våre følgjer UNGP, OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv og ILOs kjernekonvensjonar for anstendige arbeidsforhold. Leverandørane våre skal krevja det same av leverandørane sine. Dersom det blir

oppdaga brot på menneskerettar og grunnleggjande standardar for anstendig arbeid hos ein leverandør eller underleverandørar, eller vesentleg risiko for slike brot, skal me informerast omgåande.

Dersom det blir avdekt potensielle eller faktiske brot i leverandørkjeda, følgjer me opp gjennom dialog med den aktuelle leverandøren og aktuelle interessentar, som fagforeining. Brot som ikkje blir adressert innan rimeleg tid, kan føra til at kontrakt blir suspendert eller blir terminert. Samtidig støttar me opp om arbeidet for auka openheit og nedkjemping av menneskerettsbrot i globale leverandørkjeder, der samarbeid mellom bransjeorganisasjonar, styresmakter og sivilsamfunn spelar ei nøkkelrolle.

Implementering

Tronds Marine Service implementerer forpliktinga vår til grunnleggjande menneskerettar i tråd med «varsemnd-hjulet» for ansvarleg næringsliv, tilrådd av OECD og som peika på i openheitslova. Dette inneber at:

- Øvste ansvar ligg hos selskapsleiinga og styre.
- Forpliktingane og tilhørande policy blir forankra i styringssystema og rutinane til selskapet.
- Alle tilsette blir gjort merksam på forpliktingane våre og rolla si i å bidra til gjennomføring.
- Vi gjennomfører varsemndvurderingar for leverandørkjeda vår og krev det same frå leverandørane våre.
- Vi etablerer rutinar for regelmessige varsemndvurderingar og rapportering i tråd med openheitslova
- Vi følgjer opp informasjon om negative konsekvensar og vesentleg risiko for tilsette og andre ramma av verksemda vår.
- Etterlevinga av vår policy for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold blir gjennomgått årleg.



Resultatet av varsemdvurderingane

Tronds Marine Service har ikkje avdekket brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i 2023. Verksemda har heller ikkje avdekket vesentleg risiko for brot/negative konsekvensar. Gjennom stadig kontakt med våre største leverandørar kan me konstatere at dei har gode rutinar og kan dokumentera at dei følgjer lover og reglar.

Oppretting og erstatning

Verksemda har ikkje avdekket tilfelle siste år som krev oppretting eller erstatning.

Kontakt

For spørsmål om dette dokumentet og tilnærminga vår til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, kontakt selskapet på E-post: post@trondsmarine.com

Onarheim 21.06.2024



Arthur Duus
styreleiar



Gerhard Meidell Alsaker
nestleiar i styret



Helge W. Nesse
styremedlem